



Mykje folk som kosa seg på rette måten!

**Politiet seier til avisa Kvinnheringen at det var god stemning under Festidalen. Utanom 4 personar som vart vist vekk frå festivalområdet har politiet heldigvis lite å rapportera om. -Men fire av så mange tusen som var innom festivalen må seiast å vera bra, seier lensmann Jan L. Fosse til avisa.**

Festidalen 2016 trekte mykje folk til Kvinnherad og Uskedalen, og politiet hadde ein patrulje til stades natt til laurdag. Ein ekstra politipatrulje var også oppom festivalområdet natt til søndag.

– Det gjekk veldig bra begge dagane, og vi har ikkje kjennskap til at det skjedde alvorlege ting i samband med festivalen. Fire menn som var overstadig rusa blei vist vekk frå festivalområdet natt til søndag, nokre av dei med hjelp av politiet. Dei sølte øl på andre festivalgjester og var ufine mot vakter og frivillige. Men fire av så mange tusen som var innom festivalen må seiast å vera bra, seier lensmann Jan L. Fosse til kvinnheringen.no.

Han legg til at politiet vil vurdera om nokre av dei som blei vist bort skal få førelegg i etterkant.

– Vi får håpa dei tar lærdom av dette, og drikk mindre til neste år slik at dei klarar å oppføra seg.

Røde Kors og Kystvakta var også til stades under festivalen. Politiet har ikkje fått rapportar frå dei om spesielle hendingar. Politibåten patruljerte også området Kvinnherad–Os. Osfest blei arrangert same helga.

– Alt i alt var det mykje folk og god stemning, og ordensmessig veldig bra frå vår side. Både frivillige og vaktene frå Pro Sec, det profesjonelle firmaet som var leigd inn til vakthald, gjorde ein god jobb, skryt lensmannen.

Tekst: Kvinnheringen som også har mykje anna godt Festidalen-stoff både på nett og papir.

Foto: Stig Framnes/Festidalen

Nett: Thor Inge Døssland